

## Oversikt over alle forslag til endring i forskrift om opptak til høgare utdanning

§ 2-3 første (1) ledd skal lyde:

Søkarar med 3-årig vidaregåande opplæring frå dei andre nordiske landa får generell studiekompetanse når den vidaregåande opplæringa gir ~~eit generelt opptaksgrunnlag~~ **opptak** til universitet og høgskular i dei respektive landa. **Fag som dekker krava til norsk og engelsk må vere bestått, jf. vedlegg I (GSU-lista).**

§ 5-14 tredje (3) skal lyde:

Opptaksprøvar skal brukast som einaste rangeringsgrunnlag, etter reglar fastsette av institusjonen, på følgjande studium:

- a. studium i utøvande og skapande musikk
- b. studium i scenekunst
- c. forfattarstudium
- d. Studium ved Kunsthøgskolen i Oslo
- e. produktdesignstudium og bachelorstudium i tolking i offentleg sektor ved OsloMet – storbyuniversitetet
- f. bachelorstudium i kunst ved Universitetet i Tromsø – Noregs arktiske universitet
- g. bachelorstudium innan film og TV ved Universitetet i Innlandet
- h. integrert masterstudium i arkitektur ved Bergen Arkitekthøgskole
- i. studium i utøvande og skapande kunst Ved Universitetet i Bergen og Noregs teknisk-naturvitskapelege universitet
- j. bachelorstudium i bevegelege bilete ved Universitetet i Tromsø – Noregs arktiske universitet
- k. bachelor i luftfartslag ved Universitetet i Tromsø – Noregs arktiske universitet**

§ 6-1 andre (2) ledd skal lyde:

Ved endringar som institusjonane kan fastsette sjølv i opptakskrav , jf. § 4-2 eller rangeringsreglar for studium i det samordna opptaket, jf. § 5-14 andre ledd, skal institusjonane informere Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse minst eitt år før endringane tek til å gjelde. **Fristen på eitt år blir rekna frå ei veke før studiet blir opna for søking i det samordna opptaket.»**